

Revisjonsrapport

***Handtering av rentederivat/sal av
renteopsjonar(swapsjonar) i Sykkylven
kommune***

Juni 2011

FORORD

Denne rapporten er utarbeidd etter oppdrag frå kontrollutvalet i Sykkylven kommune, og er ei oppfølging av handsaming av nummerert brev nr. 1/2011 frå kommunerevisjonen til kontrollutvalet.

Rapporten er sendt til høyring hjå rådmannen i Sykkylven kommune. Rådmannen ga høyringssvar 20.06.2011. Høyringssvaret går fram i kapittel 5 med egne kommentarar. Rapporten er ikkje særleg endra som følgje av høyringssvaret, men det er gjort nokre mindre endringar som er omtala i kapittel 5.

Ålesund, 21.06.2011

Kjetil Bjørnsen
dagleg leiar

Kurt Anders Løvoll
revisjonsrådgjevar

INNHALD

1. Innleiing.....	3
1.1 Bakgrunn	3
1.2 Rapporten	3
2. Konkurransetsetting.....	4
2.1 Rentebyteavtaler 2008 / renteswappar	4
2.1.1 Historikk.....	4
2.1.2 Gjennomgang og vurdering	6
2.2 Sal av renteopsjonar/swapsjonar.....	8
2.2.1 Historikk.....	8
2.2.2 Vurdering	8
2.3 Oppsummering.....	8
3. Brot på fullmakter	9
3.1 Fakta	9
3.2 Vurdering	10
4. Forholdet til Nordea og eigenkompetanse.....	12
5. Høyringsvar på rapporten	14
5.1 Rådmannen sitt svar	14
5.2 Kommentar til høyringa	15

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Bakgrunnen for denne rapporten er at kontrollutvalet i samband med handtering av nummerert brev frå revisjonen gjorde følgjande vedtak 16.03.2011:

- 1. Før endeleg behandling av saka vil kontrollutvalet ha seg førelagt ei vurdering av korleis konkurranseutsettinga av finansielle instrument som bruk av renteswapaftalar og swapsjonar er gjennomført.*
- 2. Med utgangspunkt i m.a. brevet frå Nordea Bank datert 11. mars 2011 vil kontrollutvalet også ha seg førelagt ei vurdering av om rådmannen i Sykkylven kommune, samla sett i si saksbehandling, har handla innanfor sine fullmakter.*
- 3. Kontrollutvalet vil vidare få vurdert om banken har oppfylt sine forpliktingar når det gjeld informasjon til kommunen som følge av kundeklassifisering og om resultatet av kundeklassifiseringa i forkant av at avtalane vart gjort.*

Det nummererte brevet det blir vist til over (saman med vedlegg) følgjer denne rapporten som vedlegg 1. I tillegg er brevet frå Nordea Bank som det er vist til lagt ved som vedlegg 2.

1.2 Rapporten

Denne rapporten er bygd opp slik at kvart av spørsmåla blir handsama i eigne kapittel.

2. Konkurransesetting

Det første spørsmålet frå kontrollutvalet var:

Før endeleg behandling av saka vil kontrollutvalet ha seg førelagt ei vurdering av korleis konkurransesettinga av finansielle instrument som bruk av renteswapaftalar og swapsjonar er gjennomført.

2.1 Rentebyteavtaler 2008 / renteswappar

Kommunerevisjonen hadde møte med rådmannen i Sykkylven kommune 22.12.2010 vedrørende desse avtalane. Det vart i dette møtet oppfatta slik at det frå Sykkylven kommune si side vart informert om at dei opphavlege rentebyteavtalane vart tildelt etter konkurranse, og det var også lagt til grunn i nummerert brev til kontrollutvalet.

2.1.1 Historikk

Kommunerevisjonen har forsøkt å rekonstruere eventuell konkurranse/korleis avtalane vart inngått, ut frå e-postar og munnlege opplysningar frå økonomisjef (dåverande stabssjef) og kommunalsjef – også opplysningar gjevne av desse i møte i kontrollutvalet 16.03.2011:

RENTEBYTEAVTALE NR. 1:

Onsdag 22.10.2008 hadde Sykkylven kommune møte med Nordea om bruk av rentebyteavtaler. Stabssjef utforma eit internt notat (Vedlegg 3) til rådmann med kopi til kommunalsjef i etterkant av møtet. I notatet går det fram at kommunen hadde fått eit tilbod om 3 års rentebyteavtale på **4,49%**. Stabssjef konkluderer i sitt notat med at ein slik rentebyteavtale ikkje ville vere i samsvar med kommunen sitt finansreglement.

Torsdag 23.10.2008 fekk kommunalsjef e-post frå Nordea med eit oppdatert tilbod på rentebyteavtale (Vedlegg 4). I tilbodet går det fram moglege rentebindingar:

3 år: 4,53%
5 år: 4,60%

Seinare same dag sendte stabssjef førespurnad (Vedlegg 5) til Nordea og Sparebanken Møre (SBM) om rentebyteavtale på 180 mill. kroner.

Fredag 24.10.2008 fekk kommunen tilbod frå begge. Tilbodet frå SBM (Vedlegg

6) vart motteke kl. 14.46, og inneheldt følgjande rentevilkår:

1 år:	4,47%
2 år:	4,20%
3 år:	4,23%
5 år:	4,33%

Tilbudet frå Nordea (Vedlegg 7) var motteke kl. 15.57 og inneheldt følgjande rentevilkår:

1 år:	4,68%
2 år:	4,36%
3 år:	4,30%
5 år:	4,35%

Fredag 31.10.2008 fekk Nordea kl 11.06 beskjed (Vedlegg 8) om at SBM var vurdert til å ha kome med det beste tilbudet, men at:

Sykkylven kommune takkar for interessa De synte ved å levere tilbod og vonar at De også vil finne det interessant å levere tilbod dersom/når det vert vurdert aktuelt å utvide bindinga til meir enn kr 180 000 000 som det no er tale om.

Kl. 11.11 gav stabssjef beskjed til SBM (Vedlegg 9) om at kommunen hadde valt SBM som den kommunen skulle gjere nærare tingingar med, og kommunen bad om eit oppdatert tilbod på 180 mill. kroner innan kl. 14.00.

Kl 11.29 svarte Nordea og peika på at det sannsynlegvis var forskjellar i tidspunkt på når tilboda var gjevne som gjorde at Nordea tapte denne runden, og la ved dokumentasjon som skulle støtte opp om dette synet (Vedlegg 10).

Kommunen ved stabssjef mottok tilbod som avtalt frå SBM kl 13.49 (Vedlegg 11). Dette vart då vidare sendt til kommunalsjef og rådmann,

1 år	4,68%
2 år	4,29%
3 år	4,23%
5 år	4,42%

Revisjonen har fått opplyst at kommunalsjef etter dette tok over saka frå stabssjefen fredag ettermiddag.

Måndag 03.11.2008 inngjekk kommunen avtale med Nordea med 3 års (+1,5 mnd) sikring til **4,23%** rente (Vedlegg 12) knytt til 181,2 mill. kroner. Kommunen valde mao Nordea på måndag 03.11. til same rente som SBM vann opphavleg konkurranse på. Det ligg ikkje føre noko dokumentasjon på at ny konkurranse ligg til grunn for dette valet. Administrasjonen kan heller ikkje gjere greie for kva som skjedde i forkant av inngåing av avtale denne måndagen.

RENTEBYTEAVTALE NR. 2

Det vart 13.02.2009 inngått ny rentebyteavtale med vilkår 3,49% over 5 år (Vedlegg 13) knytt til 80 mill. kroner. Det var ikkje konkurranse i samband med denne avtalen.

2.1.2 Gjennomgang og vurdering

Det går fram at fram til fredag 31.10.2008 vart det gjennomført konkurranse som kan dokumenterast. Kommunerevisjonen tek her ikkje stilling til kvaliteten på konkurransen fram til 31.10.2008. Ut frå gjennomført konkurranse vart SBM valt – og informert om dette, men likevel valde kommunen Nordea som leverandør i etterkant.

Det kan vere at Sykkylven kommune la til grunn Nordea sin argumentasjon om at klokkeslettet for tilbod gjorde at det var forskjellar på tilboda. SBM gjorde i tilbodet klart kva klokkeslett banken la til grunn. Det gjorde ikkje Nordea.

Nordea hevda i etterkant at dette var kl. 16.00. Dersom dette er rett, så var det ein rentedifferanse på desse tidspunkta på 2,5 punkt¹ på ein 5 års avtale (gitt at prisutviklingskurva frå Nordea er rett²). Forskjellen i tilbod på ein 5 års avtale var 2 punkt. Det var mao. ikkje mykje forskjell.

Nordea har ikkje vist forskjellen på 3 års avtale på dei to tidspunkta. Kommunen valde å legge til grunn 3 års binding, og då var det slik at tilbodet frå SBM var 7 punkt betre enn tilbodet frå Nordea.

I internt notat 04.03.2008 (vedlegg 14) frå stabssjef til rådmann og kommunalsjefar, tilrådde stabssjef at ein ikkje burde nytte rentebyteavtalar. Han tilrådde vidare at dersom ein likevel skulle gjere det, burde kommunen samstundes samanlikne med vilkåra på ein ordinær fastrenteavtale. Vi registrerer at i dette tilfellet vart ikkje slik samanlikning gjort.

Det kan vere grunn til å merke seg at Nordea ga eit tilbod på 4,49% for 3 års rente i møte 22.10.2008. Den 23.10.2008 vart dette tilbodet endra til 4,53%. Etter konkurranse var tilbodet 24.10.2008 4,30% (mens tilbodet frå SBM var på 4,23%). Det var endringar i rentevilkåra i marknaden i denne perioden, men vi er usikre på om endringane i rentemarknaden kan forklare så store forskjellar. Det kan difor kanskje vere grunn til å tru at dette er ein illustrasjon på at det er viktig med konkurranse for å oppnå rette prisar. Dersom kommunen hadde inngått avtale om fast rente over 3 år på 181 mill. kroner på 4,53% i staden for 4,23%, ville dette gitt kommunen ein meirkostnad på om lag 1,6 mill. kroner.

Vi har fått opplyst at SBM ikkje har klagt på at dei ikkje fekk denne kontrakten. Dette kan likevel ikkje tolkast til at tildelinga av kontrakten var i orden. Private

¹ 1 punkt = 0,01 prosentpoeng

² Sjå vedlegg 10

treng ikkje sjå seg tent med å klage sjølv om det i enkelte saker skulle vore klaga. Det er vidare slik at det er uklart kva SBM har blitt fortalt som grunn for at dei likevel ikkje vart valt. Det er uheldig at kommunen ikkje kan dokumentere at det var ny konkurranse, eller synes å hugse kva som låg til grunn for valet av Nordea som leverandør for rentebyteavtale nr. 1.

I samband med inngåing av rentebyteavtale nr. 1 ligg det føre ein e-post frå Nordea til Sykkylven kommune frå måndag 03.11.2008 kl. 11.38 (Vedlegg 15). Denne vart vidaresendt frå stabssjef til kommunalsjef. I denne e-posten foreslår Nordea rentebyteavtale til 4,38% over 3 år og 3 månader med start tilbake i tid; 17.09.2008. Dette er eit tilbod med verknad 1,5 mnd. tilbake i tid. Innretninga ser ut til å vere ei omgåing av forbod mot å ta opp lån til drift ved at ein skulle betale ei høgare rente enn marknadsrenta i framtida, men at ein i 2008 skulle få redusert netto renteutgifter gjennom utbetaling frå Nordea. Dette er ei tilnærming ein kjenner att frå handtering av swapsjonar i desember 2009.

Når det gjeld rentebyteavtale nr. 2 var det ikkje konkurranse, og handteringa er etter vår vurdering verken effektiv eller i tråd med retningslinjer.

For det første er det slik at sjølv om kommunen ikkje er forplikta til å følge reglane i "forskrift om offentlige anskaffelser" når det gjeld slike tenester, så gjeld "Lov om offentlige anskaffelser". Det inneber at grunnleggjande krav om god forretningsskikk, likebehandling av leverandørar, transparens (gjennomsiktighet), etterprøvarheit mv. skal følgjast. Det er også eit krav om at innkjøp så langt det er mogleg skal vere basert på konkurranse. Dette vert kanskje spesielt viktig i tilfelle der den som handterer dette er tidlegare tilsett hjå motparten.

For det andre er det slik vi vurderer det sjeldan fornuftig å inngå avtaler med finansielle aktørar utan konkurranse. Dette er spesielt viktig for kommunar som Sykkylven kommune som sjølv ikkje har kompetanse til å vurdere prisane i slike avtalar.

For det tredje gir ikkje den opphavlege førespurnaden rom for å handtere dette utan konkurranse. Det at ein i denne førespurnaden gjorde merksam på at det kunne bli aktuelt å inngå ytterlegare avtalar, var etter vår vurdering berre ei opplysning og ikkje noko som kunne oppfatast til å vere ein del av grunnlaget for tilbod. Det skal her leggjast til at stabssjef sendte e-post til Nordea då SBM var valt, der han opplyste om at han vona at Nordea ville leggje inn tilbod når ytterlegare avtalar vart lagt ut. Dette stadfestar at Sykkylven kommune ved utlysing av konkurransen hadde same syn på dette som kommunerevisjonen.

For det fjerde har stabssjef i internt notat vurdert det slik at reglementet seier at det skal innhentast tilbod frå minimum 2 leverandørar.

Ein kan altså oppsummere at det ikkje kan dokumenterast at det mest

fordelaktige tilbudet vart valt når det gjeld rentebyteavtale nr. 1, og at det openbart ikkje var konkurranse ved val av leverandør for rentebyteavtale nr. 2.

2.2 Sal av renteopsjonar/swapsjonar

2.2.1 Historikk

Som det går fram av vårt nummererte brev så vart ikkje Sykkylven kommune sine avtaler om sal av swapsjonar til Nordea utsett for konkurranse i det heile.

2.2.2 Vurdering

Det er etter vår vurdering uheldig å ikkje gjennomføre konkurranse når det gjeld finansielle instrument. Dette skuldast mellom anna at det gir ein stor risiko for at transaksjonane kan medføre høgare utgifter enn nødvendig. Dette er som tidlegare nemnt spesielt viktig for ei kommune som Sykkylven, som sjølv ikkje har kompetanse til å vurdere prissetting av slike produkt.

Sal av swapsjonar er på mange måter det same som det kommunane gjorde i den såkalla "Terra-saka". Sykkylven kommunen har her inngått avtalar med særst lange forpliktingar på potensielt høgt rentenivå, og desto viktigare var det å gjennomføre konkurranse for å sikre lågast mogleg pris³ (eller høgast mogleg premie).

Her skal det leggjast til at dette var sal av opsjonar/rentederivat, og dermed er kravet i "Lov om offentlige anskaffelser" ikkje like relevante juridisk.

2.3 Oppsummering

Kommunen har ikkje gjennomført konkurranse ved rentebyteavtale nr. 2. Det er heller ikkje gjennomført konkurranse ved sal av opsjonar på rentebyteavtalar (swapsjonar). Administrasjonen kan ikkje gjere greie for om det mest fordelaktige tilbudet var lagt til grunn ved val av leverandør for rentebyteavtale nr. 1.

³ Under føresetnad av at ein skulle gjennomføre slike handlar. Vi har konkludert med at handlane ikkje skulle vore gjort.

3. Brot på fullmakter

Det andre spørsmålet frå kontrollutvalet var:

Med utgangspunkt i m.a. brevet frå Nordea Bank datert 11. mars 2011 vil kontrollutvalet også ha seg førelagt ei vurdering av om rådmannen i Sykkylven kommune, samla sett i si saksbehandling, har handla innanfor sine fullmakter.

3.1 Fakta

I nummerert brev nr. 1 er det lagt til grunn opplysningar frå rådmannen om at salet av renteopsjonar vart gjennomført som følgje av vedtak i kommunestyret. I brevet er det mellom anna problematisert om kommunestyret hadde gode nok opplysningar til å gjere eit slikt vedtak, og at det uansett var feil å gjere eit slikt vedtak utan endring i finansreglementet.

Kommunerevisjonen har fått sendt over lydband frå Nordea frå tidspunktet då salet av finansielle derivat fann stad. Ved gjennomgang av desse har det blitt avdekka ei rekkje problemstillingar. Mellom anna er mogleg brot på fullmakter ei av desse problemstillingane.

Sykkylven kommune har inngått følgjande bindande avtalar med Nordea:

- *Kontrakt 879095/1085216 – 181,2 mill. kroner - Avtaledato 01.12.2009.*
- *Kontrakt 879103/1085193 -78,5 mill. kroner - Avtaledato 01.12.2009*
- *Kontrakt 959719/1200188 -177 mill. kroner - Avtaledato 04.11.2010.*

Dei to første avtalane er inngått pr. e-post til Nordea frå kommunalsjef kl. 14.41 01.12.2009. Det gjekk kopi av denne e-posten m.a. både til rådmann og stabssjef.

Den siste avtalen vart slik vi forstår det kansellert då Nordea og Sykkylven kommune seinare vurderte den til å vere i strid med Sykkylven kommune sitt eige finansreglement. Avtalen hadde ifølgje Gabler Wassum as medio desember ein positiv verdi på 0,3 mill. kroner for kommunen, men dette kom slik vi forstår det ikkje til utbetaling. Dei to første avtalane (som også etter vår vurdering er i strid med finansreglementet) hadde negativ verdi for kommunen.

Nordea har i brev til revisjonen opplyst at dei fekk vite at desse andre to avtalane var godkjent av kommunestyret uavhengig av reglementet då handlane vart gjennomført 01. desember 2009. Denne oppfatninga går og fram i e-post (januar 2011) frå Nordea til økonomisjef:

"Du sa at de to første avtalene var godkjente av kommunestyret og slik jeg mener du uttrykte det, at disse dermed var godkjent uavhengig av finansreglementet. Dette gjaldt ikkje den siste, hvor det var rådmann i henhold til fullmakt som inngikk avtalen. Det var med denne bakgrunnen at dere fikk tilbod om å gå ut av avtalen kostnadsfritt."

Dersom dette er rett ser det ut til at det kan ha vore administrasjonen som sjølv har valt å tre ut av ein avtale som såg ut til å ha ein positiv verdi for kommunen. Men slik vi forstår det er administrasjonen i Sykkylven kommune derimot av den oppfatning at Nordea på eigen hand kansellerte avtalen.

I informasjonsmateriale frå Nordea som vart brukt i møte med kommunen 06.01.2011 går følgjande fram:

"28.12.10 Multikansellerbar avtale kanselleres uten at betalinger har funnet sted med bakgrunn i at revisjonen stilles spørsmål til om finansreglementet tillater denne typen avtaler."

Det går ikkje fram om det er Nordea eller Sykkylven kommune som har avslutta desse avtalane.

Dersom påstandane frå Nordea er rett, kan det vidare sjå ut som om administrasjonen gav Nordea informasjon om at dei 2 swapsjonsavtalane var godkjent av kommunestyret. Vi har ikkje sett nokon dokumentasjon på korrespondanse som stadfester Nordea sitt syn på dette siste. Vi har derimot sett dokumentasjon på at Sykkylven kommune v/kommunalsjef inngjekk desse avtalane pr. e-post 01.12.2009 før kommunestyremøte (som var 14.12.2009).

3.2 Vurdering

Dei 2 første avtalane er altså inngått og "låst"/bindande ettermiddagen 01.12.2009. Vi kan ikkje sjå at kommunestyret då hadde handsama dette. Ut frå dei opplysningane vi har fått ligg det difor føre eit brot på fullmaktene i Sykkylven kommune ved at administrasjonen har gjennomført derivathandlar utan at det var i tråd med reglementet, og før kommunestyret hadde handsama dette. Rett nok låg det føre ei innstilling frå formannskapet, men dette var berre ei innstilling. I tillegg er det slik jf. neste avsnitt at det kan stillast spørsmål ved om denne innstillinga både er mangelfull og gjort på sviktande grunnlag.

Etter vår vurdering er ikkje problemstillinga rett framstilt i budsjettsaka til kommunestyret. Dette gjer saka slik vi vurderer det meir alvorleg. Det kan sjå ut som om administrasjonen ikkje har opplyst til kommunestyret at det allereie var inngått bindande avtaler, og det kan sjå ut som om kommunestyret har fått

opplyst at det var rentebinding ein her inngjekk avtale om, og ikkje sal av opsjonar på rentebyteavtaler. Det står rett nok at:

"Denne avtalen kan justerast gjennom 'swaption' til 3,64%..."

Men det er ut frå dette uråd for politikarane å vite om dette er kjøp (sikring/rentebinding) eller sal (spekulasjon/ikkje sikring) av renteopsjon. I saksframstillinga frå rådmannen gjekk det heller ikkje fram at slike transaksjonar var i strid med finansreglementet til Sykkylven kommune.

Mao er det slik at sjølv om ein hadde venta til kommunestyrehandsaminga, så låg det etter vår vurdering framleis ikkje føre fullmakt til å gjennomføre denne type handel. Det skal her leggjast til at kommunestyret ikkje har høve til å bryte eige reglement i slike saker, og det er vidare slik at dersom ein ønskjer å endre reglementet skal det innhentast uttale frå uavhengig instans før endring.

4. Forholdet til Nordea og egenkompetanse

Det siste temaet kontrollutvalet ville ha vurdert er:

Kontrollutvalet vil vidare få vurdert om banken har oppfylt sine forpliktingar når det gjeld informasjon til kommunen som følgje av kundeklassifisering og om resultatet av kundeklassifiseringa i forkant av at avtalane vart gjort.

I vedlegg 2 går det fram at Nordea har klassifisert Sykkylven kommune som "Ikke profesjonell".

I etterkant av møtet i kontrollutvalet har rådmannen engasjert kommuneadvokat for å følgje opp dette overfor Nordea. Brev frå advokaten til Nordea ligg ved som vedlegg 16. Kommunerevisjonen legg til grunn at rådmannen vil halde kontrollutvalet orientert om utviklinga i denne kontakten.

Ved gjennomgang av innhenta informasjon i samband med vurdering av mogleg brot på fullmakter (og materiale som kommuneadvokaten har henta inn), har det kome fram nokre opplysningar som vi finn grunn til å informere om under.

I vårt nummererte brev la vi til grunn at rådmann, kommunalsjef og økonomisjef har opplyst at dei ikkje har særleg kompetanse med omsyn til rentederivat. Dette er opplysningar som er stadfesta av alle 3 i kontrollutvalsmøte 16.03.2011.

Eit anna sentralt moment har vore at rådmann og kommunalsjef har opplyst at slik dei forstod avtalene, så trudde dei at dette var rentebinding, og at ein gjorde dette med tanke på sikring av renta fram i tid.

Den dokumentasjon som revisjonen har fått oversendt frå Nordea viser at administrasjonen overfor Nordea ga uttrykk for at dei visste at dette ikkje var rentebinding, og at dei var merksame på at det var risiko for kommunen ved låg rente. Kommunen ga med andre ord uttrykk for at dei med andre ord skjønnte at dersom renta vart høg, så var det grunn til å tru at det ikkje vart fastrente – og at dette derfor ikkje var binding. Samtidig var ein klar over at dersom renta vart låg, ville dette medføre at kommunen måtte betale høgare rente enn marknadsrenta.

I tillegg til dette går det fram i materiale som Nordea har sendt til rådmannen at:

"Ved kjøp av en opsjon på renteswap er tapet begrenset til betalt premie, mens

gevinsten er ubegrenset. Ved salg av en opsjon på renteswap er den potensielle gevinsten begrenset til mottatt premie, mens tapet er ubegrenset."

Som tidlegare nemnt har Sykkylven kommune seld ein opsjon, noko dei har fått opplysningar om frå Nordea om kan gi eit "ubegrenset" tap.

I den dokumentasjonen som no ligg føre, kan det med andre ord sjå ut til at administrasjonen skjønte meir av risikoen ved desse disposisjonane enn dei har gitt uttrykk for.

Vidare går det fram av lydband og e-postar at føremålet har vore å få friggitt midlar til budsjettet no, mot noko som ein vurderer som ein akseptabel risiko. Intensjonen ser med andre ord ut til å ha vore budsjettsaldering, og ikkje sikring. Rekneskapsreglane gir slik vi vurderer det ikkje rom for budsjettsaldering på denne måten. Transaksjonane er etter vår vurdering og å sjå på som ulovleg låneopptak, jf. Kommunelova §50.

5. Høyringsvar på rapporten

5.1 Rådmannen sitt svar



SYKKYLVEN

Rådmannen

Kommunerevisjonsdistrikt nr 3
Postboks 7734
6022 ÅLESUND

Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Vår dato: 20.06.2011
Vår ref.: 2011/639-5553/2011
Klassering:

Saksbeh.: Ole-Johan Lillestøl
Telefon: 70 24 65 56

Handtering av swapsjonar - uttale frå rådmannen

Viser til revisjonsrapport av juni 2011 om "handtering av rentederivat/sal av renteopsjonar (swapsjonar) i Sykkylven kommune". Rapporten er sendt til høyring til rådmannen, og motteke den 14.06.2011.

Det er ein svært grundig og godt gjennomarbeidd rapport som forsøker å gje svar på dei spørsmål som kontrollutvalet gjorde vedtak om i møte den 16.03.2011.

Som rådmann starta eg opp i januar 2009 og har difor begrensa kunnskap om forhold som er tilbake til 2008. Det er difor mitt ynskje at revisjonen er tydelegare på det som gjeld tidlegare rådmann og noverande rådmann. Det same gjeld forholdet mellom stabssjef og økonomisjef. Stillinga som økonomisjef vart først sett i verk frå 01.01.2011.

Eg gjev her nokre korte kommentarar til kvar av hovudpunkta som revisjonen omtalar i rapporten. Men som utgangspunkt trur eg det er viktig også å vurdere det som vart gjort i 2008 og 2009 i lys av den kunnskapen som ein hadde på det tidspunktet og ikkje berre den nye kunnskapen som ein no sit med og kan sjå tilbake på.

Punktet om konkurranseutsetting:

Den vedlagde dokumentasjonen gir ei grei oppsummering av kva som har skjedd kring denne problemstillinga. På side 7 vert det kommentert følgjande: "...spesielt viktig i tilfelle der den som handterer dette er tidlegare tilsett hjå motparten". Her kan ein opplyse om at denne problemstillinga vart vurdert av tidlegare rådmann og han fatta vedtak om at kommunalsjefen var habil til å kunne arbeide med desse saken. Dette har vore lagt til grunn for arbeidsdelinga vidare.

Sett i etterkant ser ein at det kunne ha vore gjort ein betre jobb med konkurranseutsettinga. Det må ein ta lærdom av.

Punktet om brot på fullmakter:

Administrasjonen hadde forståing av at endringane som var gjort i 2009 i prinsippet var det same som fastrenteavtale, men med den endringa at ein skulle betale ei lågare rente i 2 år mot at ein betalte ei høgare rente seinare. Dette vart formidla til formannskapet som ei moglegheit. Administrasjonen hadde ikkje framlegg på dette, men muligheita var teke opp frå politisk hald og fremma som inndekking av tiltak tilsvarande 1.2 mill kr. I vedtaket står dette oppført som rentebinding. Det var også adm. si forståing av at dette var det. Etter vedtaket i formannskapet fekk rådmannen i oppdrag å inngå desse avtalane. Inndekninga vart seinare følgd opp av kommunestyret. Vi vurderte at dette låg innafør dei fullmaktene ein hadde då ein såg på dette som ei anna form for fastrentelån. Men med den nye kunnskapen ein har no fått presentert frå revisjonen, så ser ein at dette ikkje er gitt er korrekt.

Postadresse: Rådhuset, 6230 Sykkylven
Besøksadresse: Rådhuset, Kyrkjevegen
E-postadresse: postmottak@sykkylven.kommune.no

Telefon: 70 24 65 00
Telefaks: 70 24 65 01

Bankgiro: 4045.07.01442
Bankgiro skatt: 6345.06.15287
Org.nr.: NO 964980 365 MVA

Punktet om forholdet til Nordea og eigenkompetanse:


Sykkylven kommune er klassifisert som "ikkje profesjonell". Dette inneber at banken skal følgje særskilte reglar når ein inngår produkt som krev det. Adm. kan ikkje sjå at banken har følgd desse prosedyrane dersom desse produkta skal klassifiserast slik revisjonen seier.

Men det som er heilt klart er at eg har informert formannskapet og kommunestyret om alt som eg viste om kva dette var for noko. Informasjonen og min forståing som eg fekk frå møtet med Nordea, har vorte formidla vidare til politisk hald.

Eg synest difor det er leitt å lese at rådmannen har drive med spekulasjon/ikkje sikring når meininga og intensjonane har vore det stikk motsette.

Håper dette er avklarande.

Med helsing



Ole-Johan Lillestøl
rådmann

5.2 Kommentar til høyringa

Revisjonen har mottatt eit gjennomarbeidd høyringssvar, og oppfattar det slik at svaret frå rådmannen er utan vesentlege merknader i høve til hovudinnhaldet i rapporten. Vi har difor berre mindre kommentarar til høyringssvaret.

For det første peiker rådmannen på at det er ønskeleg med eit tydelegare skilje mellom tidlegare og noverande rådmann, samt stabssjef og økonomisjef. Her skal det leggjast til at også kommunalsjef er ein av dei som er omtala i dokumentet.

Vi har gjort nokre mindre endringar i rapporten på dette punktet. Det er no gjort slik at i forhold frå den perioden stabssjef var ein del av organisasjonen, blir vedkomande titulert stabssjef. I forhold etter 01.01.2011 blir vedkomande titulert økonomisjef. Når det gjeld rådmann omtalar vi heile tida dette som rådmann uavhengig av om dette er tidlegare, noverande eller eventuelt konstituert rådmann. Vi har og brukt "administrasjonen" fleire stadar.

For det andre har rådmannen teke opp punkt om konkurranseutsetting og habilitet. Kommunerevisjonen har ikkje teke stilling til habilitet. Vi har berre peika på at det er særleg viktig med ein open og etterprøvbar prosess i situasjonar der det er rimeleg å forvente at det kan bli reist spørsmål ved habiliteten.

Når det gjeld punkt om brot på fullmakter viser vi til vurdering i punkt 3.2 i rapporten. Dette punktet er heller ikkje endra i rapporten.

I høyringssvaret står det at ein ser at:

"dette ikkje er gitt er korrekt"

Dette gjeld om ein kan sjå på dette som ei anna form for fastrentelån. Vi vonar at dette er ei feilskriving, og at rådmannen skulle ha skrive at ein no ser at "dette ikkje er korrekt."

Til slutt kommenterer rådmannen at han er lei seg for å lese at han har drive med spekulasjon. Vi har etter dette endra nest siste avsnitt på side 13. I høyringsutkastet stod det "denne spekulasjonen", dette er no endra til "desse disposisjonane."



KOMREV3 IKS er eit interkommunalt revisjonsselskap, etablert 01.01.1994. Selskapet har ansvar for revisjon av kommunane Giske, Haram, Midsund, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.

Selskapet leverer tenester som finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og rådgjeving. Det blir rapportert til den einskilde kommune sitt kontrollutval og kommunestyre/bystyre.

Hovudkontor for selskapet er Lerstadvegen 545 i Ålesund kommune.

KOMREV3 IKS
Postboks 7734 Spjelkavik
6022 ÅLESUND
Tlf. 70172150 – Fax 70172151 – E-post: komrev3@komrev3.no
Org.nr. 971562587